

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag, 11.05.2010 kl. 13.00
Møtestad: Formannskapsalen

SAKLISTE:

- Sak 12/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 20. april 2010
- ” 13/10 - Årsmelding 2009 – Sykkylven kommune
- ” 14/10 - Kommunerekneskapen 2009 – Sykkylven kommune
- ” 15/10 - Om tilleggsrekningar kommunale gebyr (Saksdokument blir ettersendt)

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 20.04.2010, kl.13.00

Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse var til stades:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth = 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne .

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Jan Kåre Aurdal i sak 10/10.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 09/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 9. MARS 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 9. mars 2010 blir godkjent.

**SAK 10/10
RAPPORTEN FRÅ AGENDA**

Saksdokument datert 19.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir oversendt kommunestyret til orientering.

SAK 11/10
OM TILLEGGSREKNINGAR PÅ AVLØPSGEBYR

Saksdokument datert 19.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer å sjå nærare på saka, men avventar nærare opplysningar.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseth
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 04.05.2010

**SAK 13/10
ÅRSMELDING 2009 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2009 – Sykkylven kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Sykkylven kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 04.05.2010

**SAK 14/10
KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2009 - Sykkylven kommune
2. Sykkylven kommune - kommunerekneskapen 2009

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet viser til tidlegare uttalar om dei utfordringane kommunen har innan økonomistyring og økonomi.

Harald Rogne
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
15.04.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kommunestyret
i Sykkylven kommune

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

REVISJONSMELDING 2009 – SYKKYLVEN KOMMUNE


Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 269 667 492,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 4 122 562,-. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av kommunen sin fagsjef for rekneskap og rådmannen. Årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimater, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Rekneskapen viser overskridingar i ein skilde einingar i høve vedteke budsjett for 2009.

Vi meiner at

- Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Sykkylven kommune si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
19.04.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:


Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 Ålesund

REVISJONSMELDING 2009 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Vedlagt følger revisjonsmelding for kommunerekneskapen 2009 for Sykkylven kommune for handsaming i Sykkylven kontrollutval.

Med helsing



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 07.05.2010

SAK 15/10
KOMMUNALT GEBYR (SLAM) JF SAK 19/10 I NÆRINGS- OG
UTVIKLINGSUTVALET

Ovannemnde sak gjeld rekningar frå 2005 til 2009.

Kommunal forskrift for slamtømming (skal sortere under renovasjon) vart vedteke i Sykkylven kommunestyre i sak K 50/95, K 82/96 og K 85/98 med heimel i Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (Forureiningslova).

Etter dei lokale forskriftene § 9 skal gebyr knytt til slam krevjast inn etter reglane for innkreving av eigedomsskatt. Reglane for eigedomsskatt følgjer av Lov av 06.06.1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane.

Også andre kommunale gebyr skal krevjast inn etter same lov, jf dei respektive lokale forskriftene. Etter lova sin § 14 skal utskrivninga skje i starten av året, jf *"før 1. mars i skatteåret"*.

Det følgjer av § 16 at mistak kan rettast innanfor skatteåret med melding til den eigedomsskattepliktige (her: Gebyrpliktige for slam). Innanfor same år kan feil rettast. Etter dette er det ikkje lenger høve til å rette visse feil til den gebyrpliktige sin ugunst.

For retting av tilsvarande feil til gebyrpliktige sin gunst, gjeld ikkje tidsavgrensinga i § 16, men vanlige foreldingsreglar, jf § 17 femte ledd.

Det følgjer av lova sin § 17 tredje ledd at ved feil som ikkje skuldast "mistak", men for eksempel feil rettsbruk, er det ikkje høve til å føreta endringar i skatteytaren (her: gebyrpliktige) sin disfavour. Uansett gjeld ein absolutt frist på

2 år for å rette avgiftsutskrivinga og dermed utfaktureringa til ugunst for den gebyrpliktige og lova sin § 25 føreset innkrevjing i terminar.

Kontrollutvalsekretariatet er kjent med at fleire gebyrpliktige har motteke krav om etterbetaling for 3 år. I saksbehandlinga er det ikkje teke utgangspunkt i § 9 i lokale forskrifter eller i Lov om eigedomsskatt til kommunane.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen legge fram ein oversikt over gebyrpliktige som har motteke rekningar med tilbakeverkande kraft (for alle gebyrområda) og med kor store beløp dei siste 12 månadane.
2. Kontrollutvalet ønskjer rådmannen sitt syn på korleis regelverket er å forstå.
3. Kontrollutvalet ønskjer svar innan 1. juni 2010.

Harald Rogne
dagleg leiar